



# Program for Bømlo Venstre

for perioden 2015-2019



# Folk først!

*Venstre er Noregs eldste parti, og har stått bak liberale reformer som parlamentarisme, religionsfridom, juryordninga og ålmenn røysterett. Sentralt i Venstre sin ideologi har alltid vore liberale idear om enkeltmennesket si rolle som drivkraft i samfunnet. Difor set Venstre folk først! I vår tid har dessutan miljøvern og småbedrifter sine vilkår vore sentrale hjartesaker, både lokalt og nasjonalt.*

Bømlo Venstre ønsker å ta vare på den sosialliberale tradisjonen vår og håpar og trur på eit godt val, slik at me kan få vere med å stake ut kurset for kommunen vår for framtida.

Me ser ikkje noko behov for å slå oss i saman med andre kommunar, men meinar det kan vera fornuftig å engasjera oss i det vidare arbeidet med kommunereforma, for

me lyt erkjenna at me har store utfordringar med kommuneøkonomien, så sjølv om me ikkje slår oss i saman med andre, så er nok tida allikevel moden for endringar i Bømlo kommune og det kan vera ein del å ta med seg frå dette arbeidet.

Bømlo Venstre ønskjer å jobbe for ein sunn og bærekraftig økonomi den neste perioden. Me lyt finna andre løysningar enn å auka skattar og avgifter, og me kan ikkje fortsetje å drifta kommunen på lånte pengar. Bømlo Venstre meiner at folkevalde, administrasjon og tilsette lyt jobba fram ein felles visjon for kor me ynskjer å vera om 10-15 år og så gjere dei endringane som må til for å komme der. Me i Bømlo Venstre meinar me har mykje me kan bidra med i ein slik prosess.

Målet vårt er at Bømlo skal bli ein grøn, liberal og sosial kommune, der ein set folk først og har råd til å yte effektiv service av god kvalitet til alle innbyggjarar, basert på den enkelte sitt behov og forutsetnader - gjennom heile livsløpet.

Endringar tar tid, men me har tru på Bømlo og bømlingane, så får valresultatet vise om du har tru på oss.

**Godt val!**

**Geir Ove Sele  
Ordførarkandidat Bømlo Venstre**



## Framtida er venstregrøn!

**Ein framtidig kommunestruktur skal gjere Bømlo-samfunnet rusta til dei oppgåver som kommunen skal utføre, slik at innbyggjarane kan identifisere seg med og ha eigarskap til kommunen sin. Venstre meiner at Bømlo kommune klarer seg godt som eigen kommune.**

### Bømlo Venstre vil:

- ✓ delta i kommunereformprosesen, og leggje resultatet fram for innbyggjarane for rådgje-vande folkeavrøysting
- ✓ jobbe for ein sunn og bere-kraftig kommuneøkonomi
- ✓ eit grønt og allsidig næringsliv
- ✓ jobbe for ein skule tilpassa den enkelte sitt potensiale
- ✓ leggje til rette for at dei som ønskjer det skal få leve lengst mogleg i sin eigen heim
- ✓ jobbe for eit framtidssretta utdanningsstilbod i kommunen
- ✓ jobbe for at nye Bremnes Ungdomskule vert realisert innanfor vedtekne rammer

# Samferdsel og arealplanlegging.

**God infrastruktur er viktig for miljøet og næringslivet. Venstre vil at vedtekne planar skal følgjast, og vere eit verktøy for å nå kommunen sine målsetnadar. I planarbeidet skal eit miljø- og klimavenleg samfunn, kunnskap og like moglegheiter for alle, varm velferd og eit kreativ og verdiskapande Bømlo-samfunn vere inkludert.**

## Bømlo Venstre vil:

- ✓ prioritere gang- og sykkelstiar langs alle nye vegar, med særskild fokus på skuleveg
- ✓ jobbe for å oppgradera eksisterande skulevegar med gang og sykkelveg
- ✓ jobbe for eit utvida kollektivtilbod
- ✓ jobbe for betre korrespondanse mellom lokal buss og kystbuss/snøggbåt
- ✓ betre tilhøva for «innfartsparkering» på Rubbestadneset kai
- ✓ legge til rette for ladepunkt for elbilar, særskilt på større parkeringsområde

# Eit miljø- og klimavenleg samfunn.

**Framtida handlar om eit betre klima for oss og borna våre. Me skal verne om naturen og miljøet for å sikre ei rein og bærekraftig framtid. Det er krevjande, men gjev og nye moglegheiter.**

## Bømlo Venstre vil:

- ✓ at Bømlo kommune skal vere ein klimanøytral kommune, der alle innkjøp skal vere miljømerka og at dei kommunale verksemdene er miljøsertifiserte
- ✓ at framtidig forvalting av strandsona først og framst skal koma dei fastbuande til gode
- ✓ ta vare på det biologiske mangfaldet, med særskild fokus på raudlista artar
- ✓ følgje opp og rullera kommunen sin klimaplan for å få ned energiforbruket
- ✓ verne om naturen og miljøet for å sikre ei bærekraftig framtid for oss sjølve og barneborna våre
- ✓ ikkje ha søndagsopne butikkar



# Varm velferd når du treng det.

**Varm velferd handlar først og fremst om tryggleik hos brukar/pasient, men og om rett kompetanse hos dei som utøver helsehjelp. Me meiner at eit velferdssamfunn vert best målt etter korleis me tek vare på dei svakaste. I Noreg er det ikkje lenger viktigast å gje meir til alle, men å hjelpe dei som treng det mest.**

## Bømlo Venstre vil:

- ✓ leggje til rette for at dei som ynskjer det får høve til å bu i eigen heim lengst mogleg ved at heimebuande over 75 år får tilbod om heimebesøk som kartlegg funksjonsgrad, for å førebygge funksjonsnedsetting og ved å styrke avlastings- og dagtilbod
- ✓ jobbe for å oppretta felles-busetnad for dei som treng kontinuerleg omsorg
- ✓ auka satsing innanfor psykisk helse, spesielt for barn og ungdom
- ✓ at kommunen har rett og nok kompetanse til å utføre dei oppgåver ein har ansvar for innanfor helse- og omsorg
- ✓ jobbe for betre inkludering av nye bømlingar
- ✓ jobbe for verdige butilhøve i asylmottak i kommunen
- ✓ auke kapasiteten på mottak av flyktningar
- ✓ leggje større vekt på førebyggjande helsearbeid ved å vidareføre folkehelsekoordinator i kommunen og jobbe for universtelt utforma turløyper i alle delsentra av kommunen

# Eit kreativt og verdiskapande Bømlo.

**Me er opptekne av gode vilkår for sjølvstendig næringsdrivande og dei mindre bedriftene, fordi velferdssamfunnet er avhengig av eit nyskapande næringsliv. Dei framtidige arbeidsplassane er enno ikkje skapte. Difor treng me ein politikk som støttar småbedrifter og entreprenørskap.**

## Bømlo Venstre vil:

- ✓ jobbe for ei næringsvenleg kommunal sakshandsaming, og at det vert lagt til rette for møteplassar. I tillegg til å føre vidare det gode samarbeidet som er etablert mellom næringsliv og skule
- ✓ vere opptekne av gode vilkår for sjølvstendig næringsdrivande og småbedrifter.
- ✓ jobbe for at Bømlo vert ein føregangskommune innanfor miljøteknologi ved å støtte opp om og leggje til rette for innovasjon og utvikling av miljøvenleg teknologi

# Kunnskap og like moglegheiter.

**Ein skule for kunnskap og like moglegheiter krev fagleg sterke lærarar. Difor vil Venstre gje alle lærarar påfyll gjennom systematisk etter- og vidareutdanning.**

## Bømlo Venstre vil:

- ✓ vera ein aktiv pådrivar for å utvida utdanningstilbod i regionen og vidareføre samarbeidet mellom næringsliv og skule
- ✓ auke satsinga på rådgjevartenesta i skulen
- ✓ auka satsinga på elevverksamheter i grunnskulen
- ✓ jobbe for eit fullverdig SFO-tilbod og ei fleksibel inntakssordning i barnehagane, slik at det vert reell barnehagedekning heile året
- ✓ støtte ei prøveordning der ein kombinerer fysisk aktivitet med teoretiske fag, med mål om variasjon i læringsmetodar
- ✓ at det vert satsa på kulturskulen og støtte opp om kulturelle institusjonar som eit ledd i å vere Kulturkommunen Bømlo



## Hordaland Venstre

**Redusera fråfallet -  
fleire inn i yrkesfaga.**

**Dei yrkesfaglege  
studieretningane i den  
vidaregåande skulen er det  
viktigaste satsingsområdet  
for Venstre i denne perioden.  
Yrkesfag representerer ei av  
dei viktigaste kjeldene til  
næringsutvikling og nyskaping  
på Vestlandet, samstundes  
som utfordringar knytta til  
fråfall er størst i denne delen  
av opplæringa.**

**Hordaland Venstre vil:**

- ✓ auka fokuset på arbeidstrening og nyetablering ved å styrke samarbeidet med det lokale næringslivet og satsa vidare på elevverksemder og gründerkurs
- ✓ jobba for at alle lærlingar får lære plass
- ✓ styrka rådgjevarane si kompetanse og auka fokus på individuelle løp for den einskilde elev
- ✓ auka satsing på marknadsføring av yrkesfaga og opplæringskontor

**1. Anne Beth Njærheim - Bømlo**

2. Geir Kjell Andersland - Bergen
3. Geir Angelteit - Stord
4. Elizabeth Erichsen - Fjell
5. Torstein Gunnarson - Voss
6. Ingrid Handeland - Kvinnherad

# Venstre sine kandiatar i Bømlo



## 1. Geir Ove Sele (f. 1968)

**Meling**

HR-direktør



## 2. Vanja Espeland (f. 1974)

**Finnås**

Adminstrasjonssjef



## 3. Frank Schmidt (f. 1970)

**Mosterhamn**

Tingrettsdommar



## 4. André Habbestad (f. 1997)

**Urangsvåg**

Student



## 5. Tone Stavland (f. 1970)

**Leite**

Engineeringsleiar

## 6. Stian Steinsbø Lie

(f. 1975), Rubbestadneset

## 7. Jon Helge Tälmo

(f. 1971), Langevåg

## 8. Anne Marie Meling

(f. 1982), Meling

## 9. Audun Økland

(f. 1959), Økland

## 10. Trude Nedrebø

(f. 1980), Finnås

## 11. Øystein Stølen

(f. 1982), Mosterhamn

## 12. Laila Sele Navikauskas

(f. 1978), Nesse

## 13. Roy Fimland

(f. 1973), Mosterhamn

## 14. Camilla Nesse

(f. 1988), Meling

## 15. Kristian Severin Nesse

(f. 1975), Nesse

## 16. eivind Hellen Sele

(f. 1997), Erevik

## 17. Leif Erlend Lohne

(f. 1963), Innvær

## 18. Mohammad Moosapour

(f. 1961), Rubbestadneset

## 19. Jan Petter Olsen

(f. 1961), Leite

## 20. Marie Rusten Moldøen

(f. 1997), Rubbestadneset

## 21. Terje Olav Nesse

(f. 1962), Nesse

## 22. Anne Riise Hatlevik

(f. 1944), Espenvær

Les meir om vår politikk og våre kandidater  
nettsida vår:

**venstre.no/bomlo**



**VENSTRE**